

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~7-11x~~ 7, 8, 9, 10, 11

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Randaberg

Emne: Hjelpefor

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavgr. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Randaberg var i gamle dagar heilt skoglaus. Det vesle som i seinare år er planta, har ikkje ført med seg at noke slags fôr vert teke or skogen.

Dei som hadde høveleg utmark, brukte til for omlag 50-60 år sidan å ta heim litt lyng til attåtfôr.

Ein brukte ung smålyng. Den vart slegen med ljå (langorv) Den vart hakka saman med halm til hakk. Saman med litt kli eller havremjöl vart dette god dyremat.

Med få undantak har tang og tare ikkje i manns minne vore nytta til dyremat. Fisk ^{hellar ikkje} ~~likeså~~.

Då eg var gut, var det vanleg at folk v^earmde opp vatn saman med t.d. turka potetgras og gav det til molkekyrne. Litt kli eller mjöl blanda dei og oppi vatnet. Bronn kalla dei det. Og eg skulle tru at uttrykket "å böna kyrne" skriv seg frå dette.

Alt det andre som er spurd om i emne 7-11, er ukjende ting i Randaberg.